

---

**Fra:** Leni Marie Lisæter  
**Sendt:** onsdag 15. august 2018 14:01  
**Til:** Geir Martin Kvamme  
**Emne:** SV: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Ja eg trur det er greiaste løysinga. Blir vanskeleg å finne eigaren og vi kan vel ikkje pålegge nokon om vi ikkje kan spore eigar.  
Dette er ein perfekt jobb for direktoratets nye båtar:)

MVH Leni

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Geir Martin Kvamme  
Sendt: onsdag 15. august 2018 13:47  
Til: Leni Marie Lisæter <[Leni-Marie.Lisaeter@fiskeridir.no](mailto:Leni-Marie.Lisaeter@fiskeridir.no)>  
Emne: VS: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Hei

Viser til sak med funn av notstykke i moloen ved Hosangervegen i Lindås i samband med strandrydding. Det var delar av merkelappar på notstykkena som tydde på at dette var gamalt, mellom anna ut frå at det stod «(manglande namn og) Fiskeredskap» og fax. Nr. med retningsnummer til Austevoll (ikkje lengre i bruk), som tydde på at det kunne kome frå gamle «Rabben Fiskeredskap». Dette selskapet vart kjøpt opp i 2004 av Egersund Net. Det stor også «Møkster» på eine lappen. Eg valte i å ta kontakt med dei 2 oppdrettselskapa i området (Blom og Sjøtroll), sjølv om det i utgangspunktet ikkje var noko som skulle tilseia at det var dei, men dei kjende kanskje lokale folk som visste noko meir. Sjøtroll v/Hildebjørg Åsvang tok kontakt med Egersund Net (Øyvind Fagerbakke), men dei hadde dessverre ikkje den gamle programvaren tilgjengeleg lengre og det ville truleg ta tid og penger å få fram det gamle arkivet igjen. Det dei kunne finne skriftlig i eldre bøker var at einaste kunde dei hadde i denne perioden (1995) var Møkster Fisk.

Sidan me i våre registre ikkje har nokon «Møkster Fisk», og ikkje har hatt noko slikt selskap så lenge eg kan huske, tok eg ein telefon til Karsten Inge Møgster på Møkster (Langøy Laks) for å høre om han visste noko om dette selskapet. Han kunne fortelje at dette selskapet vart seldt kring 1997 til Kvernsmolt. Etter det eg kjenner til har dette selskapet gått inn i Lerøy Vest systemet, men eg kan ikkje sjå at dei har hatt anlegg i nærleiken av Husøyvegen i Lindås.

Så langt eg kan sjå vert det vanskeleg å bevise kven som har hatt nota i «sin besittelse» dei seinare åra (kan ikkje ha ligget der i over 20 år, sidan merkelappen enda var leseleg) og det er høgst truleg ikkje eit oppdrettselskap. Så langt eg kan sjå vert det då kommunen sitt ansvar etter forureiningslova. Eit alternativ kan kanskje være at «Rind» eller «Eir» plukkar opp notstykket og levere det til «Mørenot Radøy» (Alværstraumen), når dei er i området?

Mvh Geir Martin

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Geir Martin Kvamme  
Sendt: tirsdag 14. august 2018 15:10  
Til: 'hias@leroy.no' <[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)>; 'of@egersundgroup.no' <[of@egersundgroup.no](mailto:of@egersundgroup.no)>  
Kopi: [leni-marie.lisaeter@fiskeridir.no](mailto:leni-marie.lisaeter@fiskeridir.no)  
Emne: SV: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås  
(Hindenesfjorden)

Hei

Og takk for tilbakemelding.

Eg rekna med dette var noko gamalt som ville verta vanskeleg å spore opp og tenkte difor at muligheten var størst for at nokon i nærområdet visste kor dette kunne stamme frå. Var inne på tanken om å kontakte Øyvind, men slo det frå meg. Det er imidlertid flott at dåke gjorde det og at Øyvind har prøvd å spore dette opp.

Eg trur ikkje det er vert kostandane å prøve å finne igjen eigar og vil sjå om me kan finne andre moglegheiter til å få fjerna dette på.

Dåke får forøvreg ha takk for hjelpa !

Med helsing

Geir Martin Kvamme  
905 13 677

-----Opprinnelig melding-----

Fra: [hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no) <[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)>  
Sendt: tirsdag 14. august 2018 10:14  
Til: Geir Martin Kvamme <[geir-martin.kvamme@fiskeridir.no](mailto:geir-martin.kvamme@fiskeridir.no)>  
Emne: VS: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås  
(Hindenesfjorden)

Hei

Trur dette er vanskelig å finne ut av. Har vært i kontakt med Øyvind Fagerbakke hos Egersund på Rabben, du ser svaret han nedenfor. Tenker du noe vi bør gjøre videre med dette?

Med vennlig hilsen  
Hildebjørg Åsvang

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Øyvind Fagerbakke [<mailto:of@egersundgroup.no>]  
Sendt: 14. august 2018 09:55  
Til: Åsvang, Hildebjørg <[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)>

Emne: SV: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås  
(Hindenesfjorden)

Hei.

Vi har dessverre ikke det gamle programmet vi hadde i denne perioden, vi kan nok sikkert spore det opp men vi har skiftet en del til leverandører siden den tid og tror det vil bli kostbart.

Det eg kan finne skriftlig i elder bøker er at eneste kunde vi har hatt i denne perioden(1995) som er mrk Møkster er Møkster Fisk.

Om det finnes noe p.nr på dette stykket så hadde eg funnet det ut.

Med vennlig hilsen / With regards

Øyvind Fagerbakke  
Driftsleder avd Austevoll/Manger  
Mob.: +47 932 47 222  
E-mail: [of@egersundgroup.no](mailto:of@egersundgroup.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: [hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no) <[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)>

Sendt: onsdag 8. august 2018 16.40

Til: Øyvind Fagerbakke <[of@egersundgroup.no](mailto:of@egersundgroup.no)>

Emne: Fwd: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås  
(Hindenesfjorden)

Hei

Har du Øyvind mulighet til å sjekke notnr. som er på bildet?

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: "Geir Martin Kvamme" <[geir-martin.kvamme@fiskeridir.no](mailto:geir-martin.kvamme@fiskeridir.no)<mailto:[geir-martin.kvamme@fiskeridir.no](mailto:geir-martin.kvamme@fiskeridir.no)>>

Til: "Åsvang, Hildebjørg" <[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)<mailto:[hias@leroy.no](mailto:hias@leroy.no)>>, "Martin Blom" <[Martin.Bлом@blom-fiskeoppdrett.no](mailto:Martin.Bлом@blom-fiskeoppdrett.no)<mailto:[Martin.Bлом@blom-fiskeoppdrett.no](mailto:Martin.Bлом@blom-fiskeoppdrett.no)>>

Kopi: "Hanne Marie Utvær" <[Hanne-Marie.Utvar@fiskeridir.no](mailto:Hanne-Marie.Utvar@fiskeridir.no)<mailto:[Hanne-Marie.Utvar@fiskeridir.no](mailto:Hanne-Marie.Utvar@fiskeridir.no)>>

Emne: førespurnad i samband med funn av notstykke ved molo ved Hosøyna i Lindås (Hindenesfjorden)

Hei

Me har fått melding om funn av notstykke ved molo på Hosøyvegen i Lindås, i samband med strandrydding. Ut frå bilde ser notstykken gamle ut og bilde av merkelappen tyder også på det samme. På merkelappen står det «anlegg: Møkster» og « .....redskap AS» med faks nr.: 56 18 45 95. fax nummeret er ikke i bruk lenger, men retningsnummeret til Austevoll er 56 18 og måten navnet er

skrevet på tyder på at det kjem frå gamle Rabben Fiskeredskap AS, som vart kjøpt opp i 2004 av Egersund Net.

Det er ingenting som tydar på at dette kjem frå verken Sjøtroll eller Blom, men sidan det er dåke som har (og har hatt) anlegg i området sender eg ein henvending til dåke ( Sjøtroll anlegg: 13566 Storskredbukti og ex. 13565 Øverås. Blom: 13965 Nesbø Gjeldsvik og 13704 Vikane).

Er det nokon frå dåkas anlegg som kan vite kor dette kjem frå?

Legg ved e-post og biletet

Med helsing

Geir Martin Kvamme  
Tlf. 905 13 677